


Utviding av akvakulturanlegg i nærleiken

12.11.2014



Forvaltningskomiteen sa nei tidlegare i år, men no har den etter klage sagt ja til utviding av akvakulturanlegg ved Brandaskuta på nordsida av Snilstveitøy. Då saka var oppe sist viste komiteen til at tiltaket låg i eit uplanlagt område og at tiltak mot sjukdom bør kunne utførast på eksisterande godkjent lokalitet. Det er Eide Fjordbruk som eig dette tiltaket.

Eide Fjordbruk kan ikkje sjå at plasseringa er i strid med vedtekne arealplanar eller vernetiltak som omfattar naturens mangfald og kulturminner. I og med at anlegget kjem ut i eit område som er uplanlagt i i kommuneplan vil det heller ikkje koma i konflikt med anna bruk av området.

Eide Fjordbruk meiner at utvidinga vil føra til at folkehelsa vil kunne bli betre håndtert og at det vil bli positive effekter for fiskevelferden. Administrasjonen seier at plasseringa ikkje er i strid med intensjonane bak kommuneplanen eller dei omsyna den skal ta.

Dei har lite kjennskap til biologisk mangfald og marine artar i området, men det er ikkje registrert viktig naturtype eller liknande som anlegget vil koma i direkte kontakt med.

Ettersom det er snakk om flytting av eksisterande lokalitet vil kommunen tilrå dette i tråd med praksis frå liknande søknadar av eksisterande lokalitetar.

Administrasjonen ser likevel at næringa har store utfordringar,

særleg i forhold til lakselus og det er viktig med nye tiltak for å redusere lusproblema.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen